

Eg heng ved bensinstasjonen
tenkje på at eg ska døy
eg snuse inn bensinosen
de e vedunderleg

eg brenn på tunga
a dampande innhaldsløyse
eg pumpar inn aktiv oktan
å forgassar

eg bade innøve
te dei varme bilanes panser
eg bikkar mot knitrande sølvpapir
eg stel ein hanske
eg pumpar inn meir bensin
eg forgassar med alt eg har:

EG E EIN ZEPPELINAR

B R E N N

Prinsesse Tristesse
kjem rekande på tøflar
ho he eit tilbod te meg
den kvallaust stundeslause

vil eg elska ho
for trutens skuld
elle for beinmergens skuld

vil eg ta inn øve meg det fatale
opne heimkomstar

eg he eit gram brød på tunga
og lyg for Prinsesse Tristesse
eg e lukkelegvis også ein annan

og eg gifte meg med Raudhette
for ho ikkje berre veit kva eg snakkar om
men he åsså våre
i beistets mage